

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette fram slikt forslag:

«Endre punkt 3: Opprette mediaproduksjon på Årstad.

Nytt punkt 5: Dimensjonerer for to parallelle klasser på studieforbereidende VG1 ved Garnes vgs.»

**Solbjørg Marjala (R)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag med slike endringer:

1. Utdanningsprogrammet TIP ved Arna vidaregåande skole vert oppretthalde. Arna vidaregåande skule har eit godt skulemiljø med lavt fråfall og eit godt fagleg miljø. I tillegg er Arna bydel i vekst som treng gode vidaregåande skular.

2. Odda vgs skole ønskjer å oppretthalde tilbodet og har gode løysingar for å oppretthalde programfaget gjennom eit nært samarbeid med næringslivet i regionen slik at deler av opplæringa blir gjort ute i bedrifter samt at dei foreslår eit tett samarbeid mellom VG 2 industriteknologi og VG 2 kjøretøy som saman vil utgjere eit godt nok elevgrunnlag. Av denne grunnen blir VG 2 kjøretøy oppretthalde.

3. I notatet frå fylkesmannen står det at fylket har ein auke i søkjartalet til bygg- og anleggsteknikk. Likevel blir det foreslått å legge ned tilbodet ved Norheimsund vgs. Skulen sjølv ønskjer å oppretthalde tilbodet og argumenterer for at der er eit stort lokalt behov for læreplassar. Då det både er høge søkjartal til bygg og anlegg samt at ein her har tilgang på lokale læreplassar, blir skulen sitt ønske om oppretthalding av VG 1 bygg- og anleggsteknikk imøtekome.»

### Røysting

Hextall sitt forslag, første setning, fekk to røyster (SV, R) og fall.

Hextall sitt forslag, andre setning, fekk to røyster (SV, R) og fall.

Marjala sitt forslag, punkt 1, vart vedteke med 8 røyster (R, SV, V, H, Frp).

Marjala sitt forslag, punkt 2, vart vedteke med 10 røyster (R, SV, 2A, V, H, Frp).

Marjala sitt forslag, punkt 3, vart vedteke med 8 røyster (R, SV, V, H, Frp).

Innstillinga med Marjala sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Tor Andre Ljosland (KrF)** sette fram slik protokollmerknad:

«Ber om at dei økonomiske konsekvensane av vedtaket blir lagt fram til fylkesutvalet sitt møte.»

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
<del>Odda vidaregåande skule:</del>	<del>Vg2 Kjøretøy</del>
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
<del>Norheimsund vidaregåande skule:</del>	<del>Vg1 Bygg- og anleggsteknikk</del>
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
<del>Arna vidaregåande skule:</del>	<del>Vg1 Teknikk og industriell produksjon</del>
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy vidaregåande skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering

Austrheim vidaregåande skule: Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF  
Knarvik vidaregåande skule: Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:  
Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad vidaregåande skule blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15.september.